

Hyllestadseminaret 2004



# Steinkrossane på Vestlandet

RAPPORT FRÅ FAGSEMINAR 24. APRIL 2004



*Korssundkrossen er ein av dei største krossane på Vestlandet, omlag 4 meter høg. Den er hoggen av granatglimmerskifer frå Hyllestad. Krossen er fundamentert i ei heil kvadratisk steinhelle, kring 1 x 1 meter, med hol tilpassa krossfoten. Foto: Gisle Borgen.*

# Innhald

|   |    |
|---|----|
| Føreord .....   | 5  |
| Frå kvernstein til steinkross – produksjon og distribusjon<br><i>Av Cand. philol., arkeolog Irene Baug</i> .....                    | 7  |
| Hyllestadkrossane - uttrykk for ein tidleg vestlandsk identitet?<br><i>Av professor i historie Torgrim Titlestad</i> .....          | 13 |
| Grunnsteinar i kristningsverket<br><i>Av historikar og journalist Johs.B.Thue</i> .....   | 16 |
| "Kva tyder desse steinane?"<br>Om steinkorsene i lys av den kristne tradisjonen.<br><i>Av førsteamanuensis Jan Schumacher</i> ..... | 25 |
| Korsreiserne. Hvem lot reise steinkors?<br><i>Av Cand. philol., arkeolog Kristine Holme Gabrielsen</i> .....                        | 40 |

Hyllestadseminaret vert skipa til av Hyllestad kommune,  
Kvernsteinslauget og Folkeakademiet Hyllestad.  
Arrangementet får økonomisk støtte frå Sogn og Fjordane fylkeskommune,  
Folkeakademiet Hyllestad og Hyllestad kommune.

ISBN 82-992198-3-3

Opplag: 500

Utgitt av Hyllestad kommune

Grafisk produksjon: Eko Trykk AS, Førde

Framsidedeilete:

Korssundkrossen. Foto: Gisle Borgen.

# Føreord

Hyllestadseminaret vart første gong skipa til i 1998. Det vart kalla kvernsteinsseminar, der tema om bergart, marinarkeologi og eksport av steinen m.m. vart teke opp. Det andre seminaret vart avvikla i april 2004, der temaet var knytt opp til dei store steinkrossane på Vestlandskysten.

I arbeidet med å fremje kvernsteinsoga i Hyllestad, vert det lagt opp til at dette seminaret skal bli ein fast skipnad framover. Å få utgitt foredraga i ein seminarrapport er også ein ambisjon.

Seminaret i 2004 vart innleia med foredraget til arkeolog Irene Baug, som også innleier denne publikasjonen. Ho har til no stått for det største forskingsarbeidet på kvernsteinsbrota, publisert i hennar hovudoppgåve i arkeologi frå 2001.

Medan arkeologar no kan dokumentere funn og kunnskap om kvernsteinsbrota, har historikarane det meir problematisk, ut frå den høgst sparsame kjeldesituasjonen.

Professor i historie ved universitetet i Stavanger, Torgrim Titlestad, let seg ikkje skremme av dette, i sin korte artikkel, som nok kan eggje til debatt. Historikar og journalist Johs. B. Thue, let seg heller ikkje dempe av skrinne kjelder, men

nyttar dei han finn til å stille opp friske tankar. Artikkelen hans er spesielt skriven til denne artikkelsamlinga.

Artikkelen til førsteamanuensis ved Menighetsfakultetet i Oslo, Jan Schumacher, står for det lengste faglege bidraget om krossens rolle i vår tidlege historie. Her vert dregne linjer gjennom felles-europeisk kultur, og tidlege kristendomsutvikling i England, til krossane på Vestlandet. Vi får og eit innblikk i menneskas tenkemåte for tusen år sidan. Til slutt drøftar Kristine Holme Gabrielsen kva samfunnsgrupper som kunne stå bak reisinga av krossane.

Arrangørane bak Hyllestadseminaret rettar hermed ei stor takk til bidragsytarane.

*Hyllestad i mars 2005*

*Finn Borgen Førsund  
redaktør*



*Øydelaagd steinkross funnen på Rønset.  
Foto: Svein Skare, Bergen Museum*

# Frå kvernstein til steinkross – produksjon og distribusjon

AV CAND. PHILOL., ARKEOLOG IRENE BAUG

Hyllestad skjuler eit av dei største og kanskje eit av dei mest fantastiske kulturlandskapa i Noreg; hundrevis av kvernsteinsbrot er spreidd utover i landskapet, både i innmark og utmark, heilt frå fjæresteinane til langt inn på fjellet.

Viss ein for over tusen år sidan kom hit ville ein bli møtt av eit heilt anna landskap og eit heilt anna samfunn enn det vi har her i dag. Frå dei fleste av gardane på nord- og austsida av Åfjorden ville ein sannsynlegvis høyre hamring og banking i fjell og berg. Det var lyden av steinhoggarane som jobba og sleit i dei mange steinbrota i området.

I vikingtid og mellomalder var Hyllestad eit senter for bergverksdrift som hadde stor betydning ikkje berre lokalt, men også i ein "internasjonal" samanheng. Produkta herifrå vart eksportert over svært store avstandar.

## KOR LANGT TILBAKE KAN PRODUKSJONEN SPORAST?

Det finst få skriftlege kjelder som omhandlar kvernsteinsbrota i Hyllestad. For å kaste lys over den eldste bergverksdrifta må ein difor gå til det arkeologiske kjeldematerialet. Dei synlege spora etter denne aktiviteten i dag er sjølve hogstberga der steinane vart utvunne og dei mange avslagshaugane som finst nærast over alt innafor steinbrotområdet. Enkelte stader ligg avslagshaugane så tett at det opphavlege terrenget ikkje lenger er synleg.

Det er utført arkeologiske undersøkingar på til saman fire ulike stader i Hyllestad. Desse er Otringsneset, Rønset, Myklebust og Sæsøl (Baug 2002). Målet var å få datert sjølve produksjonen i dei ulike steinbrota. Her vart det grave sjakter frå sjølve hogstberget og inn i næraste avfallshaug nokre meter framfor. I alle sjaktene vart det funne trekol, og dette er eit materiale som let seg datere. Det vart tatt ut trekolprøver frå alle sjaktene, og dette prøvematerialet vart sendt til Trondheim og Uppsala i Sverige for C14-datering.

Utgravingane i Hyllestad viste at utvinninga av kvernstein går tilbake til slutten av merovingartid eller byrjinga av vikingtid, til ca. 700-talet. Både på Otringsneset og på Sæsøl er det steinbrot som ser ut til å kunne gå tilbake til merovingartid (Baug 2002:59f.).

Det viste seg likevel vanskeleg å få datert den eldste produksjonen i Hyllestad, pga. at eldre steinbrot er dekkja med steinavfall frå seinare hogging. I botn av dei utgravne sjaktene dukka det opp gammalt hogstberg. Enkelte plassar ser store berg ut til å vere hogd vekk før utvinninga starta i dei steinbrota som blei arkeologisk undersøkte. Dette var bl.a. tilfelle på Otringsneset (Baug 2002:45). Den eldste produksjonen må difor vere ein god del eldre enn den eldste datering.

Eit anna interessant spørsmål er kor langt tilbake produksjonen av vasskvernstein går. Skriftlege kjelder frå mellomalderen har påvist vasskverner i Noreg først på byrjinga av 1200-talet. I det undersøkte steinbrotet på Myklebust i

Kvernsteinsparken i Hyllestad er det funne store mengder vasskvernstein. Her ser produksjonen ut til i alle fall å gå tilbake til 1000-talet og overgangen mellom vikingtid og mellomalder (Baug 2002:51ff.). Her er det likevel behov for meir undersøkingar for kunne gi sikrare svar, men det er mogleg at vi har dei eldste dateringane på vasskvernstein i Skandinavia frå Hyllestad.

Frå 1000-talet og fram til 1300-talet er perioden med klart størst aktivitet i dei undersøkte steinbrota. Men det har vore ei viss drift heilt fram til nyare tid til 1500-1600-talet (Baug 2002:59). Den eldste produksjonen (utan krut) strekker seg altså over fleire hundre år. I nyare tid veit vi at utvinninga føregjekk med krut, men det er rimeleg å tenke seg at vi her har ei overlapping i tid mellom steinbrota med og utan krut.

Kor mange menneske som har arbeidd i steinbrota er det nærast umogleg å svare på. Dateringane frå dei undersøkte steinbrota indikerer likevel at mange av desse brota var i drift samtidig, både i vikingtid og i mellomalderen. Truleg har ganske mange menneske vore sysselsette både i produksjon og utførsel i Hyllestad i denne perioden.

## DISTRIBUSJON AV KVERNSTEIN

I vikingtid og mellomalder har kvernsteinsbrota levert produkt utover den lokale marknaden, og kvernstein frå Hyllestad er eksportert over store område.

Bergarten i Hyllestad er lett gjenkjenneleg og let seg identifisere reint visuelt. Kvernstein frå Hyllestad er bl.a. funne på Bryggen i Bergen. Desse steinane er datert på bakgrunn av kulturlaget dei låg i, og dei eldste er datert til slutten av 1100-talet og dei held fram utover i mellomalderen (Baug 2002:78).

Kvernstein frå Hyllestad er også funne Sverige, Danmark, Nord Tyskland, Island og Færøyane, og i Polen (Schön 1995:106, Carelli og Kresten 1997:123). I Sverige og Danmark er kvernstein frå Hyllestad funne i så store mengder at

det må vere snakk om ein organisert handel som går tilbake til vikingtid og tidlig mellomalder.

Dei eldste sikre dateringane frå Sverige og Danmark er datert til slutten av 900-talet (Carelli og Kresten 1997:120f.), og dette er den eldste kjente distribusjonen frå Hyllestad. På bakgrunn av dei arkeologiske undersøkingane i sjølve steinbrota veit vi no at produksjonen likevel er eldre enn dette.

## STEINKROSSANE FRÅ HYLLESTAD

Det var likevel ikkje berre kvernstein som vart produsert i Hyllestad. I steinbrota har det også vore produksjon av steinkar, ljoresteinar, steinkister og steinkrossar. Steinkrossane er kanskje det mest spanande og spesielle produktet vi har frå steinbrota.

I dag er over 40 steinkrossar frå yngre jernalder og tidleg mellomalder bevart i Noreg. Dette talet omfattar både store frittstående steinkrossar og mindre kyrkjegardskrossar. Nokre av desse krossane står enno ute i terrenget der dei ein gong vart plassert, mens andre i dag vert oppbevart på ulike museum. Det er berre langs vestlandskysten vi finn desse steinkrossane, og den største konsentrasjonen finn vi i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Impulsen til å hogge steinkrossar kom truleg frå Dei britiske øyane.

På grunn av dei mineralogiske særtrekka på bergarten i Hyllestad er det mogleg med relativt stor sikkerheit å kjenne igjen dei ulike produkta herifrå reint visuelt. Dette gjeld også for steinkrossane som vart utvunne her. Ei rundreise i desse tre vestlandsfylka viste at over halvparten av dei gjenverande steinkrossane på Vestlandet sannsynlegvis produsert i steinbrota i Hyllestad. Så langt er det ikkje funne steinkrossar frå Hyllestad i Hordaland. Hyllestadkrossane finn vi berre i Sogn og Fjordane i tillegg til tre stykker i Rogaland (Baug 2002:85). Steinkrossane frå Hyllestad varierer både i form og storleik, og både store frittstående steinkrossar og mindre kyrkjegardskrossar vart produsert her.

I Korssundet i Fjaler står det ein kross som er over 4 meter høg, men berre 10-15 cm tjukk. I dag er det svært vanskeleg for oss å forstå korleis dei har greidd å hogge ut desse produkta, samt transportere dei over så store områder som det her er snakk om.

På sjølve krossane er det ikkje funne særleg spor etter hogging og verktøybruk, og heller ikkje i steinbrota er det gjort funn som kan kaste lys over korleis og kvar dei vart utvunne. Det einaste sporet er ein øydelagd steinkross som vart funnen på garden Rønset (figur 1). Stammen på krossen og den eine krossarmen er knekt av. Denne krossen vart truleg øydelagt under produksjonen, og difor kasta saman med resten av steinavfallet. Dessverre kan ikkje krossen knytast til eit bestemt steinbrot, men dette er likevel den einaste steinkrossen i Noreg som er funne i tilknytning til steinbrotsområdet der han vart produsert (Baug 2002:67f.).

Steinkrossane vart truleg hogd ut av lause steinblokker, og ikkje direkte ut frå sjølve bergveggen. I motsetning til dei fleste britiske steinkrossar har dei norske steinkrossane lite ornamentikk. Den defekte krossen funne på Rønset er utan ornamentikk, men han ber likevel preg av å vere forholdsvis ferdig tilhogd. Dette kan tyde på at steinkrossane frå Hyllestad faktisk vart hogde ferdige på brotstaden før dei vart frakta til ulike område.

Viss vi samanliknar produksjonen av kvernstein og produksjonen av steinkrossar, ser vi at mens kvernsteinsproduksjonen berer preg av å vere ein masseproduksjon, der kvernsteinane mellom anna vart eksportert til ulike kjøpstadar og byar i vikingtid og mellomalder, var krossane truleg bestillingsverk. Mest sannsynleg vart dei frakta direkte frå Hyllestad til mottakarstaden.

## KVIFOR HYLLESTAD?

Den naturlege føresetnaden for kvernsteinsdrifta i Hyllestad har vore bergarten kyanitt-granat-muskovitt-glimmerskifer,

ofte berre kalla granatglimmerskifer. Bergarten er ikkje presist avgrensa, men ligg grovt sett i eit samanhengande belte langs heile nord- og austsida av Åfjorden, opptil over 200 m.o.h. (Baug 2002:12).

Det er samansetninga av den mjuke glimmerskiferen og dei harde granatane som gjer bergarten så godt eigna til maling av korn. Dei harde granatane vart slitt langsamare enn skiferen, og førte til at kvernsteinen si overflate vart verande ru lenger. Dette førte til at kvernsteinen varde lenger. Mens kvernstein av for eksempel basaltlava frå Tyskland måtte skjerpast med riller på mjølsida for at han skulle kunne brukast til kornmaling, var ikkje dette like nødvendig med hyllestadsteinen (Baug 2002:13).

Men kvifor vart så mange steinkrossar produsert her? Kanskje var det ikkje sjølve bergarten som var grunnen til at krossane vart laga her, kanskje var det rett og slett ekspertisen og kunnskapen rundt steinhogging og bergverksdrift som førte til at over halvparten av dei gjenverande steinkrossane på Vestlandet er produsert i Hyllestad.

Dei fleste av steinkrossane som er produsert i Hyllestad er etter mi meining meir kunstferdig utforma enn mange av dei andre krossane vi kjenner til på Vestlandet. Ulike bergartar kan sjølvstakt vere ein grunn til dette. Ein anna grunn kan vere kunnskapen og teknikken til steinhoggarane. I Hyllestad var det ein godt etablert steinhoggartradisjon allereie før krosstradisjonen slo igjennom. Her hadde ein kunnskap både om bergarten og hogging i stein. Truleg er det difor ikkje tilfeldig at over halvparten av krossane vi enno har på Vestlandet er produsert ved desse steinbrota. Dette indikerer også at kvernsteinshoggarar i Hyllestad kan ha vore delaktige i produksjonen av steinkrossar.

Kvernstein og steinkrossar vart framstilt ved dei same brota. Dette viser hoggespor på den keltiske krossen i Eivindvik (figur 2). Bergarten viser at krossen stammar frå Hyllestad, og på den eine sida av krosstammen det tydelege spor etter uttak av handkvernsteinar som er hogd frå det same emnet før kros-



*Ein av krossane på Tjora, noko under 2 m høg,  
hoggen av granatglimmerskifer frå Hyllestad.  
Foto: Bjarne Akse.*

sen vart laga (Baug 2002:68). Funnet viser at det ikkje var egne steinbrot som berre var reservert krossproduksjonen, og kanskje heller ikkje egne steinhoggarar. Vi kan likevel ikkje sjå heilt vekk frå at dei som rådde over steinkrossproduksjonen kan ha knytt til seg utanlandske handverkarar, kanskje i form av avhengige spesialistar. Men i Hyllestad vart det produsert steinkrossar over ein lang periode, kanskje fleire hundre år. Dette gjer det meir sannsynleg at det var lokale og ikkje utanlandske steinhoggarar som vart nytta.

## DATERING

Det er svært vanskeleg å gi ei sikker datering på krossmaterialet (Gabrielsen 2002:37ff.). Dei store frittstående steinkrossane stammar frå yngre jernalder, og har kanskje hatt ein funksjon i overgangen mellom heidendom og kristendom. Krossar med runer som kan daterast angir ei tid frå slutten av 900-talet til byrjinga av 1000-talet (Birkeli 1973:24). Dette gjeld t.d. ein kross på Svanøy som mest sannsynleg er produsert i Hyllestad. På grunnlag av runene er krossen datert til seinast byrjinga av 1000-talet (NiYR IV:23, Johnsen 1968:203).

Når det gjeld dei små kyrkjegardskrossane som står att, er det berre dei frå Sogn og Fjordane som ser ut til å vere produsert i Hyllestad. Krossane vart truleg plassert direkte på kyrkjegardane, og stammar dermed frå tida etter av vi fekk vigsla kyrkjegardar i landet (Birkeli 1973:214, 219f.). Det er ikkje utenkjeleg at krossane stammar frå kyrkjegardane si eldste tid. I så fall er det sannsynleg at dei går tilbake til tidleg mellomalder og høg mellomalderen.

Framstillinga av steinkrossar i Hyllestad ser dermed ut til å ha gått føre seg over fleire hundre år, frå yngre jernalder til mellomalderen. Kvernsteinsproduksjonen i området er likevel eldre og også meir omfattande enn krossproduksjonen.

## KVEN EIGDE STEINBROTA?

Kven var det som rådde over denne storstilte verksemda i

Hyllestad? For å prøve å finne svar på dette har eg studert eigedomsforholda i Hyllestad i yngre jernalder og mellomalder.

Det viste seg at i mellomalderen var heile det store steinbrotområdet delar av større godseiningar, og Munkeliv kloster og dei lokale prestane i Hyllestad og Øn var dei største eigarane. Korkje før eller etter reformasjonen var det bondeeiige her. Heile det store steinbrotområdet var såleis budd og drive av leigendingar i mellomalderen. Det var ikkje sjølv-eigande bønder her, og vi kan sannsynlegvis snakke om ein elitestyrt produksjon i denne perioden (Baug 2002:90ff.).

Det er også mykje som tyder på at godskonsentrasjonane går tilbake til yngre jernalder. Nye arkeologiske metodar gjer det mulig å undersøke dette nærmare. Her kombinerer ein historiske og arkeologiske kjeldemateriale på ein måte som gjer det mogleg å få innblikk i eigedomsstrukturen i yngre jernalder også. Både Gulatingslova og Magnus Lagabøtes landslov gir indikasjonar på at synlege gravminne frå yngre jernalder (gravhaugar) kan vere eit symbolsk uttrykk for odelsrett til garden. Berre dei som eigde jord kunne markere dette i form av synlege gravminne med gravhaug (Iversen 1999).

I Hyllestad er det registrert graver frå yngre jernalder på fem av 104 gardar, dvs berre ca 5% av gardane har graver frå denne perioden (Baug 2002:98). Dette kan bety at det her var stormannsgods i yngre jernalder også. Særleg på nordsida av Åfjorden er dette tydeleg. Her er Øn den einaste garden med graver frå yngre jernalder, dei omkringliggende gardane er utan gravfunn. Det kan bety at vi her ser konturane av eit stormannsgods med Øn som sentrum i yngre jernalder. I mellomalderen kjem det også kyrkje på garden, noko som underbygger garden sin betydning. I mellomalderen var det faktisk vanleg at lokale stormenn spela ei aktiv rolle i kyrkjebygginga. På austsida av Åfjorden ser det ut til å ha vore ein meir oppsplitta eigarstruktur, og kanskje større grad av bonde-eige, eller og mindre godssamlingar.

Alt tyder på at steinbrota hørte til ulike stormannsgods i yngre jernalder òg, og at fleire lokale stormenn eller høvdingar på denne tida stod bak og kontrollerte produksjonen. Den storstilte produksjonen og eksporten av kvernstein og steinkrossar let seg også lettare å forklare med at det i første fasen har stått stormenn eller høvdingar bak, med ressursar og kontaktnettverk som har gjort ei slik verksemd mogleg.

Kven var det så som stod for hogginga? Trælur og leigendingar har sannsynlegvis slava i brota i fleire hundre år. Framstilling av ulike produkt har kravd spesialisert innsikt i bergart og hoggeteknikk, men truleg var ikkje arbeidet meir avansert enn at dei fleste kunne lære seg det. Det kan òg ha vore ei spesialisering der dei dyktigaste steinhoggarane fekk stå for framstilling av meir kompliserte gjenstandar, som t.d. steinkrossar og gravheller. Det er òg rimeleg å tenke seg at enkelte spesialiserte steinhoggarar har vore etterspurde og hatt ein viss status.

## OPPSUMMERING

Arkeologiske undersøkingar i steinbrotsområdet i Hyllestad viser at kvernsteinsproduksjonen går tilbake til slutten av

merovingertid/byrjinga av vikingtid. Perioden frå 1000-talet til 1300-talet er perioden med størst aktivitet i dei undersøkte steinbrota.

Kvernsteinane var eksportert over svært store avstandar, og steinbrota i Hyllestad har hatt betydning langt utover den lokale marknaden. Sannsynlegvis er det snakk om ein organisert handel med kvernstein som går tilbake til vikingtid og tidleg mellomalder.

Utvinninga av steinkrossar har gått føre seg i eit mykje kortare tidsrom enn kvernsteinsproduksjonen. Det har likevel vore produsert steinkrossar her i yngre jernalder, og aktiviteten heldt fram utover i mellomalderen. Over halvparten av dei gjenverande steinkrossane på Vestlandet ser ut til å vere produsert i Hyllestad.

Mykje tyder på at det var den politiske eliten i samfunnet som eigde og kontrollerte den storstilte bergverksdrifta i Hyllestad. I yngre jernalder var det sannsynlegvis lokale høvdingar som rådde over verksemda, mens ulike kyrkjelege institusjonar sat med makta i mellomalderen. Dette betyr at menneska som arbeidde og budde i Hyllestad ikkje sjølve eigde og rådde over steinbrotsområdet. Verksemda var sannsynlegvis eigd og kontrollert av samfunnseliten, både i yngre jernalder og mellomalder.

---

### Litteraturliste

- Baug, Irene 2002: *Kvernsteinsbrota i Hyllestad. Arkeologiske punktundersøkingar i steinbrotsområdet i Hyllestad i Sogn og Fjordane. Skrift nr. 22.* Kongsberg
- Birkeli, Fridtjov 1973: *Norske steinkors i tidleg mellomalder. Et bidrag til belysning av overgangen fra norrøn religion til kristendom.* Oslo
- Carelli, Peter og Peter Kresten 1997: Give us today our daily bread. A study of Late Medieval Quernstones in South Scandinavia. *Acta Archaeologica vol. 68.* s. 109-137. København
- Gabrielsen, Kristine Holme 2002: Vestlandets steinkors. *Monumentalisme I brytingen mellom hedendom og kristendom.* Upublisert hovudfagsoppgave i arkeologi, Universitetet i Bergen.
- Iversen, Frode 1999: *Var mellomalderens lendmannsgårder kjerner i eldre godssamlinger? En analyse av romlig organisering av graver og eiendomsstruktur i Hordaland og Sogn og Fjordane. Arkeologiske avhandlinger og rapporter. Bind 4.* Bergen
- Johnsen, Sannes Ingrid 1968: *Stutruner i vikingtidens innskrifter.* Oslo
- NiYR IV = *Norges innskrifter med de yngre runer. Bind IV.* Olsen, Magnus og Aslak Liestøl 1957. Oslo
- Schön, Volkmar 1995: *Die Mühlsteine von Haithabu und Schleswig. Ein Beitrag zur Entwicklungsgeschichte des mittelalterlichen Mühlenwesens in Nordwesteuropa.* Neunmünster

# Hyllestadkrossane - uttrykk for ein tidleg vestlandsk identitet? Nokre frimodige ytringar.

AV PROFESSOR I HISTORIE TORGRIM TITLESTAD

I europeisk politikk i dag har nemninga region blitt eit ord som er langt framme i tida. Så og i Norge. På Vestlandet har fleire politiske grupperingar funne kvarandre for å fremja ein sjølvstendig vestlandsregion. Den noverande vestlandsregionen omfattar som oftast Rogaland i sør og opp til Møre i nord. Nokre vil dra inn Agder og nokre Møre med. Underleg nok: Dette er i og for seg ikkje heilt nye tankar.

## VESTLANDET I TIDLEG MELLOMALDER

Det fanst ein slags vestlandsregion truleg så tidleg som på 800-talet, kanskje før. På 900-talet kjenner vi regionen gjennom eit sams lovverk og representasjonssystem: Gulatingset. Det var ikkje politiske parti som fremja integreringa av Vestlandet, men stormannsætter. Den mest sentrale ætta i denne saka frå 800-talet inntil 1000-talet var Hordakåreætta, oppkalla etter Horda-Kåre frå 800-talet. To av dei seinare og mest kjende namna i denne ætta var Håkon den gode og Erling Skjalgsson. Det dramatiske toppunktet i kollektivhistoria til denne ætta er framstilt i møtet mellom vestlendingane og Olav Tryggvason på Gulatingset i Gulen i 996.

Hordakåreætta er velkjend frå kongesogene - og frå ættesoger (Soga om Tord den hardbalne, Stavanger 2004). Men dei omfattande kvernsteins- og steinkrossanlegga som truleg var i bruk frå 700-talet og leverte varer til heile Nord-

Europa har ikkje fått plass i denne litteraturen. No fortel arkeologane ei soge som knapt var kjend tidlegare - ei soge som og har ei maktpolitisk side. Kan historikarane skyta til noko i denne samanhengen?

## KVERNSTEINDRIFTA KONTROLLERT AV KONGEMAKTA?

Det finst fleire tankar om kven som har drive dei storfelte Hyllestadsteinbrota som var i drift i hundrevis av år. Har dei vore i eiga til eit lokalt driftlag, i handa til ein lokal stormann eller i eiga til kongemakta frå Harald Hårfagre si tid? Personleg vil eg rekna med at anlegga frå Harald si tid, han var truleg fødd og fostra i Sogn, har vore kontrollerte av kongemakta. Skal vi vera dristige, kan vi i tillegg seia at den første norske kyrkja under Håkon den gode kan ha hatt viktige inntekter frå anlegget. Hyllestadkrossane kan ha vore eit viktig uttrykk for den tidlege kristningsprosessen som kom frå England. Her meiner eg Jan Schumacher har eit sentralt punkt. Krossane er nokså like på dei engelske krossane frå same tida og uttrykkjer ein "minikristenhet", dvs. kristning av avgrensa geografiske område, i dette tilfelle Vestlandet innanfor Gulatingsets rammer. Då tenkjer vi ut på 900-talet på Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane - der vi finn (så og seie alle stein)krossane. På Vestlandet var det vore lagt viktige kristningsfundament lenge før Olav Tryggvason kom.



*Erlingsbautaen på Sola. Kopi av steinkross reist av Erling Skjalgsson (d.1028) sin prest Alvgeir. Inskripsjonen lyder:  
"Alvgeir prest reiste denne steinen etter Erling, sin herre, som einsam vart sviken ut or aren (lyftinga bak på skipet) då han slost med Olav"*

*Torgrim Titlestad; Erling Skjalgsson, 2002, s 99.*

Då Håkon skulle festa makta si, trong han politiske og religiøse markørar. Krossane kan ha vore slike sentrale markørar. Som symbol hadde dei ei umåteleg mykje større kraft enn vi kan førestilla oss i dag. Dei har og ruva i landskapet. Men krossane har ikkje berre symbolisert kongemakta, dei kan og ha vore markørar av ein tidleg vestlandsidentitet innanfor rammene av Gulatingsområdet.

Sidan vi ikkje har noka sikker datering av krossane, kan dei og ha vore laga på Olav Tryggvason si tid, frå 995-1000. Nokre meiner til og med at Olav Haraldsson kan ha hatt ein finger med i spelet. Liksom Håkon den gode kan seiast å ha vore ein engelsk misjonsframstøyt, via kong Adelstein, kan vi seia det same om Olav Tryggvason. Olav hadde og eit nært forhold til den engelske kongemakta, til kong Ethelred II. Problemet med Olav var at han ifylgje sogene "delegerte" makta på Vestlandet til svogeren sin, Erling Skjalgsson. Erling skal ha fått dei same veitslene (inntektene) som sønene til Harald Hårfagre fekk av faren, dvs. 50% - mens han skulle gje dei resterande 50 % til Olav. Dermed kan det vera at det er Erling Skjalgsson, som kristen leiar for Vestlandet, som har reist krossane - eventuelt i samråd med Olav Tryggvason. I så fall kan vi sjå Hyllestadkrossane som uttrykk for alliansen mellom Erling og Olav Tryggvason, med tette band til England i vest.

Det neste alternativet er Olav Haraldsson og styringstida hans frå 1015-30. Det er lite sannsynleg at han fekk reist krossane avdi han støtt låg i strid med Erling Skjalgsson og fordi Erling i storparten av tida under Olav kontrollerte storparten av makta på Vestlandet. Skulle Olav ha sett opp krossane, må det ha vore som markørar av hans makt - ei makt som neppe let seg påvisa på Vestlandet. Det er dessutan vanskeleg å lausriva krossane frå Hyllestadanlegga. Ein mektig hovding som Erling ville neppe la Olav Haraldsson stikka av med inntektene frå anlegget. Han ville sikra seg brorparten av dei sjølv.

## ALVGEIR PREST

Det er dessutan ein annan "laus tråd" som kan knyta dei til Erling. Han hadde minst ein prest, Alvgeir. Han er ein av dei første prestane som vi kjenner namnet på i Norge - fordi han rista namnet sitt inn i den svære runekrossen han reiste over Erling Skjalgsson ca. 1029-30. Fritjov Birkeli skreiv ein del om Alvgeir i doktoravhandlinga si om steinkrossane og peika på at han mest sannsynleg var ein mann frå den norrøne busetnaden kring Whitby. Alvgeir kan ha vore ein viktig kontaktlekk til det norrønt-engelske kyrkjelege miljøet kring år 1000. Han kan ha vore ein person som har vore med og planta ein utviklingsdyktig norrøn-engelsk "minikristenhet" i Gulatingsområdet. Sambandet mellom norrøn busetnad i England og vestlendingane kan her vera eit viktig element. Såleis kan krossane over den vestlandske "minikristenheten" og symbolisera ein allianse til den engelske kristenheten.

## MANGE UAVKLARTE PROBLEMSTILLINGAR

Drøftinga av betydninga av Hyllestadanlegga er såvidt komen i gang. Arkeologien er ei side av saka. Men historikarane må med og dei må ha ein open tankehorisont. Eitt forhold er dei lokale tilhøva i Hyllestad. Vi må prøva å få vita meir: Kor stor var arbeidstokken? Var det sesong- eller heilårsdrift? Kan vi rekonstruera sosiale forhold for dei som budde og arbeidde i og omkring anlegga? Kva kan vi finna ut om økonomi og maktfolhold knytte til anlegga? Kva rolle spela Hyllestadanlegga i Norge gjennom tidene? Hyllestadanlegga bør og sjåast i eit europeisk perspektiv og "minikristenhets"-problematikken må granskast. Her står enno mykje forskning att.

Ein må heller ikkje gløyma formidlingssida: Hyllestadanlegga og problematikken rundt dei er enno for lite kjent utanfor snevre miljø. Dette er kunnskap som vil vekka interesse langt utanfor Hyllestad.

# Grunnsteinar i kristningsverket

AV HISTORIKAR OG JOURNALIST JOHS. B. THUE

Steinkrossane våre høyrer til blant dei eldste vitnemåla om kristen påverknad i landet vårt. Slike krossar finn vi særleg på Vestlandet, og kan såleis reknast som eit identitetsmerke for vestlendingen. Krossane har i lang tid vore emne for religionshistoriske drøftingar. Det er såleis berre to år sidan biskop Ernst Baasland gav ut boka " Korsfylket: Rogalands røtter inn i vår tid". Både tittelen og innhaldet i boka er delvis propagandistisk. Etter Baasland er Rogaland det første Kristfylket i landet. Han hevdar også at Rogaland er dårleg handsama i rikshistoria vår, og at Rogaland blei kristna lenge før slaget på Stiklestad i 1030.<sup>(1)</sup>

I denne artikkelen skal vi sjå at dei små krossane på kyrkjegarden på Hyllestad kan vera blant dei eldste vitnemåla om kristen tru i landet vårt, og at Hyllestad såleis fortener ein plass i rikshistoria, kanskje på linje med Rogaland. Eg gjer likevel merksam på at det er mine tankar og mine utval av kjelder og litteratur som fører fram til ein slik konklusjon, og eg vedgår ope at denne konklusjonen byggjer på nokre historiske tankesprang. Dette tankespranget er kome til i eit skjeringspunkt mellom synspunkta til kyrkjehistorikar og biskop Fridtjov Birkeli, som har skrive om krossane våre og det første kristningsverket, og professor Andreas Holmsen, vår første og største agrarhistorikar. Midt i 1930-åra skreiv Andreas Holmsen den store programartikkelen sin i serien "Norske Bygder" om den økonomiske og administrative saga i Sogn.<sup>(2)</sup> Birkeli sine

synspunkt, som forresten blei møtt med ein storm av motførestillingar i det faghistoriske miljøet, men som er aksepterte i dag, ligg i botn for drøftingane mine om krosshogginga i Hyllestad.

## DET STORE FØREDØMET

På mange vis er artikkelen til Holmsen det store føredømet til mykje av den materialistiske historieskrivinga i landet vårt, etter 1930. Han byggjer opp arbeidet sitt etter inngåande studiar av jordebøker med landskyldoppgåver. Han ser ut til å ha gått gjennom dei fleste diplom som vedkjem Sogn i mellomalderen. Diploma er rettsdokument slik som skøyter, vitne- og domsbrev pluss reine embetsskriv. Gjennom denne kjeldebruken og utrekningar, med grunnlag i desse kjeldene, kjem Holmsen fram til nokre konklusjonar som vi skal sjå nærmare på her, og som vi skal drøfta i lys av kvernstein- og krosshogginga i Hyllestad som eigentleg er ein ny kunnskap som Andreas Holmsen ikkje kjende omfanget av. Det gjorde forresten heller ikkje Fridtjof Birkeli då han skreiv si avhandling. Denne avhandlinga er enno ei grunnbok for å skjønna korleis landet vårt blei kristna.

Andreas Holmsen finn stor skilnad mellom Indre og Ytre Sogn på fleire sentrale, økonomiske område. Før eg går meir konkret inn på desse skilnadene, og refererer dei, kan

det vera på sin plass å dra opp nokre viktige utviklings-  
trekk når det gjeld verdsleg og geistleg styring frå 1100 til  
1350, som er den administrative grotida vår. Gjennom  
denne administrative grotida blei Norge ein stat. Vi tar  
berre med det som har relevans for vårt historiske synsfelt:  
Krossar og kvernstein.

Frå først av var kyrkjeskippnaden heilt folkeleg. Han byg-  
de på det norske bondesamfunnet. Men gjennom heile  
1100- og 1200-talet gjekk det føre seg ein kyrkjeleg vekst  
som grov fotfestet bort frå den folkelege skipnaden. Den  
harde, kyrkjelege tiendskatten vart tvinga inn på bøndene  
på heile Vestlandet. Dette skjedde i tida før 1150.  
Samstundes tok kongen til å krevja inn ein part av  
leidangsytingane.

Desse ytingane blei dessutan auka jamnleg. Kyrkjemakta  
blei sentralisert under bisp. Domsmakta blei delt mellom  
konge og kyrkje. Det blei ein ålmenn tendens til at stadig  
større område av kvart einskild menneske sitt liv blei lagde  
inn under tilsyn frå samfunnet. Norge blei ikkje berre ein  
stat i denne tidbolken. Landet blei også sivilisert. Dessutan  
ser vi at dei som gjorde næringsarbeidet, på land og sjø,  
ikkje lenger blei representerte av sine egne folk der makta  
sat, men av representantar for styresmaktene.

Attom alt dette gjekk det føre seg ei økonomisk og sosial  
utvikling, sjølvsagt. Det gjer det alltid. Hovudtrekket var at  
godseigedomane auka veldig i denne tidbolken. Alt frå  
slutten av 1000-talet og fram til Svartedauden steig det  
stadig fram nye jordeigarar. I Ytre Sogn var Losna-ætta  
ei slik jordeigarar. Korleis denne ætta fekk slik rikdom og  
makt, er det uråd å seia noko visst om. Men jordeigarar  
rekrutterte snart det høgpresteskapet, som på si side,  
saman med dei vanlege prestane, fekk under seg det  
mektige kyrkjegodset. Etter mykje strid lærde snart både  
kyrkja sine folk og den verdslege makta ein ting, skriv  
Holmsen: "å stå saman og skapa sams organ for makti si  
yver dei som skaffa dei rikdomen deira: bøndene".

## BYGDA ÅFJORDEN

Ein svært stor jordeigar på Vestlandet i mellomalderen var  
Munkeliv eller St. Mikals kloster. Benediktinermunkane  
på Nordnes i Bergen gjekk saktmodige gjennom dagane  
med tidebøner og askese. Så langt dei makta, heldt dei seg  
borte frå kjønnsleg omgong med kvinner. Dei fasta og bad.  
I røyndomen var likevel mange av dei kyniske under-  
trykkjarar og spekulantar. Men dei var flinke bokhaldarar,  
og dette bokhaldet gjev oss innsyn i eigedomstilhøva i vårt  
område i mellomalderen. Klosteret deira låg på Strandsida i  
Bergen. På slutten av 1100-talet hadde dette klosteret hand  
over 135 gardpartar av totalt 720 i Ytre Sogn, som i denne  
tida strekte seg frå Kvamsøy til Utvær. 15 av desse gard-  
partane/gardane låg i kvernsteinslandet langs Åfjorden.  
Klosteret hadde fått gardane med slikt berg som fundas eller  
startkapital av kong Øystein i 1130-åra.

I Munkeliv sine jordebøker, som vi har avskrift av  
frå 1400-talet, men som tvillaust har mykje eldre førelegg,  
vert altså 15 gardar/gardpartar frå alle kantar av Hyllestad  
nemnde. Dei låg " i Åfyrd", blir det skrive. Åfjorden er  
såleis eitt av dei få bygdenamna i Sogn og Sunnfjord frå  
mellomalderen. Ingen gard heiter nemleg Åfjord, men  
bygda fekk dette namnet. Innafor det geografiske området  
som blei kalla Åfjorden låg det Munkelivsgardar langt  
innerter fjorden, gjennom nordre delen av Bø sokn og heilt  
inn til Lavik. Dette galdt gardane Bruås, Espeland og  
Hjelmeland.

Bygda Åfjorden låg dessutan i grenselandet mellom  
Sogn og Sunnfjord. Den gamle grenselinja mellom Ask-  
voll og Lavik skipreide her gjekk frå Espelandsvatnet og  
derifrå ut til sørsida av Hyllestadfjorden. Sogn sin part blei  
heile neset mellom Åfjorden og Sognefjorden. Dei gamle  
Øn og Hyllestad sokner blei kløyvde. Før Svartedauden  
låg forresten begge desse soknene til Sunnfjord i kyrkjeleg  
meining, men Bø sokn hørde til Sogn. Kyrkjene i desse  
soknene hadde alle namnet sitt etter garden som dei stod

på, ikkje etter bygda. Då den nye kyrkja på Hyllestad blei bygd og vigsla i 1880, tok ho med seg namnet frå Hyllestad-garden endå ho blei oppsett på Myklebust-grunn. I samandregen form kan vi seia: Den verdslege grensa er eldre enn den kyrkjelege. Denne grensa må gå attende til vikingtida, ja, kan henda er ho endå eldre.

## KULTSTADER I LIFJORDEN

Med utgangspunkt i denne grensa kan vi nærma oss noko vi kan kalla for bygdeorganiseringa før kristendommen. Bygdeorganiseringa må nemleg ha ein samanheng med grensene. Derfor skal vi sjå på bygda Åfjorden slik ho stig fram for oss før trusskiftet, i såkalla heiden tid. Etter Holmsen, og det er ein logisk tanke, fortel bygdenamn som til dømes Åfjorden, at dei førkristne bygdene hadde ei fast organisering, som også inkluderte sterke religiøse element. Desse religiøse elementa kan vi finna att i stadnamna våre. Ei etterprøving på dette området syner at eit hov og ein leikvoll som har lege attmed Lifjorden, lyt ha vore den gamle kultstaden for denne Åfjordbygda. Dei gamle stadnamna som minner oss om dette er Hovland, som rett og slett tyder hovet sitt land. Lundeland og Lekva – av Leikvangr eller Leikvin er også knytt til den førkristne religionsutøvinga. Andre heidne kultstader finst det få spor etter langs Åfjorden, utanom kanskje Sognnes, som kan ha noko med gudinna Såga å gjera. Men dette er uvisst. For Sognnes kan også røstast attende til "sog" , som er skummet etter straumvirvlane på sjø og hav.

Andre slike bygdenamn i Sogn, ved sida av Åfjorden, er Systrond, Solvorn, Gaupne, Jostedal, Luster, Årdal, Lærdal, Borgund, Aurland, Vik og Arnafjord. På heile det lange stykket frå Arnafjord til og ut til Lifjorden finst det berre to heilagnamn frå den førkristne tida, om vi då ser bort frå Sognnes, og dette er: Hovland i Vadheimsfjorden og Odinsland i Fuglsetfjorden.

## FLYTTERØRSLE MOT KYSTEN

I utgreiinga si tar Holmsen utgangspunkt i Oluf Rygh sitt storverk Norske Gaardnavne (20 bind 1897-1936).<sup>(3)</sup> Gjennom studiet sitt av namnegardane i landet etablerte Rygh bestemte metodiske prinsipp for klassifiseringa av dette enorme materialet. Ved hjelp av desse prinsippa freista han å bestemma alderen på gardsnamn, og setja opp ni klassar etter etterlekkane på gardsnamna. Dette arbeidet blei forresten både utdjupa og vidareført av Magnus Olsen. Etter Ryghs kronologiske skjema ser dette aldersskjema slik ut for dei gardsnamna som vi skal møta i denne artikkelen: -vin, -heim, -land, -stad, -set. – Vin, som tyder gras-slette, var levande namneskikk både i eldre jernalder og heilt ned til vikingtida. Slike yngre –vinnamn har bevart v slik som i Lekva i Lifjorden. –land blei nytta i namne-gjevinga i eldre jernalder, men også inn i yngre jernalder og var bl.a. ein produktiv namnelekk på Shetland og Orknøyane under landnåmet der på 800-talet. – stad var levande namneform både i vikingtida og i tida før,600-800. – setgardane blei først og fremst tatt opp i vikingtida.

Etter Holmsen sin grundige gjennomgang av stadnamna i Sogn, og tolkingane hans med grunnlag i desse, må store delar av Ytre Sogn blitt folkesett frå 500-talet og utetter mot kristningstida på 1000-talet. I Ytre Sogn har så mykje som 88,7 prosent av gardane endeleg på –heim,-vin, -land, -stad,-set. Vi finn det same i Sunnfjord. Der finst det berre 7 – vingardar, 14 –heimgardar, men heile 156 gardar på –land, -set, og – stad.

Etter Holmsen sitt syn skuldast landnåmet eller opp-taking av nye gardar i kystbygdene våre at det rett og slett var overfolking i dei indre bygdene. Han meiner altså at det gjekk føre seg ei omfattande flytterørsle frå dei inste fjordbygdene til kyststroka i tida frå 500-talet og utover. Holmsen meiner også at denne flytterørsle ikkje slutta med landnåmet av kysten vår, men flytteferda gjekk over havet, særleg til Island, men også til Shetland og Orknøyane. Her



*Steinkross på Kvitsøy. Hoggen  
av granatglimmerskifer frå  
Hyllestad, ca. 4 m høg.  
Foto: Torgrim Tittlestad.*



*Steinkross på Hyllestad gamle kyrkjegard.  
Foto: Karl Hjelmeland*

kan vi skyta inn at dette synet og denne forklaringa er ålment akseptert av historikarane våre. Holmsen finn forresten att den same rørsla om lag 1000 år seinare. Også då meiner han at dei indre bygdene våre var overfolka. Dette resulterte i den svære utvandringa til USA. Denne forklaringa er derimot sterkt omdiskutert.

Trass den omfattande flytterørsla fram mot år 1000 var likevel dei yste bygdene tunt folkesette gjennom heile mellomalderen. Etter dei utrekningane som Holmsen gjer med grunnlag i fleire kjelder, kan det ikkje ha budd meir enn tusen menneske i bygdene vest for Kvamsøy og heilt ut til Utvær. Vi må likevel understreka at alle utrekningane til Holmsen føreset at desse bygdene var reine jordbruksbygder eller havre- og februksbygder. Han byggjer alle utrekningane sine på kjelder som er knytte til den tradisjonelle gardsdrifta. Det seier seg sjølv at dette ikkje gjev eit rett bilete av dei røynelege næringsstrukturelle forholda i kystbygdene våre, der utkomet kom frå fisket, meir enn frå åkrar og fjøs. Derfor må talet på innbyggjarar i Ytre Sogn liggja over det som Holmsen reknar seg fram til. Kor stort dette talet var, er det uråd å seia noko visst om.

## KYRKJA PÅ HYLLESTAD

Med dette i mente vender vi attende til kross- og kvernsteinslandet vårt Ytre Sogn: Dei kring 30 kvadratkm langs Åfjorden. Kyrkja der blei reist på ein – stad gard, Hyllestad, som er det tilnærma geografiske midtpunktet i kvernsteinslandet. Rett ved sida av kyrkja på Hyllestad ligg Myklebust, som tyder den store bustaden, og som også er eit -stadnamn. Eg tolkar dette namnet slik at dette var ein stad der det budde mykje folk. Etter dette fekk heile bygda, og seinare heradet, namnet etter kyrkjestaden. Vi merkar oss også at Hyllestadkyrkja blei reist nær det økonomiske steinsenteret i området, mellom Rønset og Myklebust. Til vanleg var det slik at kristningspolitikken vår gjekk ut på å

gjera dei gamle heilagstadene, hov eller lund, om til kyrkjestad. Dei som kristna landet vårt, var store strategar. Dei fylte berre det gamle med noko nytt. Men dette skjedde altså ikkje i Hyllestad.

Det blei aldri bygd noko kyrkje i Lifjorden, der dei gamle heilagstadene låg. Her kan vi kanskje moderera oss noko: På Hovland i Lifjorden er det ein stad som blei kalla for Kyrkjebakken. Der syner det spor etter ein steinsett veg, arbeid på ein annan måte enn vanlege gardsvegar.<sup>(4)</sup> Kanskje var det likevel ein kristen møtestad på Hovland, i den første kristingstida. Flytterørsla mot havet, som Holmsen dokumenterer, førte heller ikkje til at dei mobile indresogningane bar i seg ei så sterk tru på æsene at dette trusgrunnlaget nedfelte seg i eitt einaste av dei nye stadnamna. Men på Myklebust var det ein gravhaug heilt fram til om lag 1850.<sup>(5)</sup> Det var også ein gravhaug på Skiveneset.

Eigentleg er vi midt i folkevandringstida. Vi veit at det blei hogge kvernstein i Hyllestad i alle fall på 700-talet. Så djupt grov Irene Baug. Og her har eg lyst til å skyta inn: Både historien om krossane på Vestlandskysten og kvernsteinshogginga i Hyllestad høyrer heime blant dei meir kompliserte delane av historien vår. Vi veit i røynda svært lite. Kjeldene er vage og usikre. Vi veit likevel at både kross- og kvernsteinhogging fann stad i Hyllestad. Her blei kvernsteinane til, og i alle fall 15 av dei største krossane på Vestlandet blei hogne her. Sjølsagt er talet på krossar høgre fordi mange krossar er blitt borte. Mange stader er det berre stadnamn som vitnar om at det har stått ein kross, som no er fjerna og flata med jorda.

## TEKNOLOGI

Det er mi røynsle at til meir komplisert eit historisk emne er til smartare er det å stilla enkle spørsmål. Det spørsmålet eg vil stilla er dette: Korleis blei steinhoggarane på Hyllestad opplærte? Kvar hadde dei teknologi-kunnskapane sine frå?

Eitt står fast: Den nye teknologien kravde store spesialkunnskapar om material og teknikk. Den blei heilt sikkert tilpassa og modifisert før den fungerte i ein såkalla sosio-økonomisk kontekst på Hyllestad.<sup>(6)</sup> På ålment grunnlag kan vi også seia at i mange tilfelle blir slik ny teknologi forbetra etter kvart. Teknologien på Hyllestad på dette område låg på eit topp-europeisk nivå. Det syner spreingsmønsteret. Kvernsteinane frå Hyllestad var marknadsvinnarar, krossane sameleis.

